

Kven er den største i Himmelriket?

«Kven er den største i Himmelrike?»
Slik læresveinane spør eingong.
Eit svar dei fær som er utan like,
det lyder mest som ein englesong.
Han set framfor dei eit lite barn
som enn var reint for alt syndeskarn,
og medi han strauk over barnelokken,
han tala so til apostelflokken:

«So sant de ikkje vil dykk omvenda,
og verta ringe som denne små,
so vil det aldri, nei, aldri henda
at Himmelriket de greider nå.
De fanga er i eit ovmodsgarn
som enn er framandt for dette barn.
Dei som i sanning vert småborn like,
dei er dei største i Himmelrike!»

Og den som tek i mot veslebarne
i namnet mitt, han tek og mot meg.
Men den som lokkar i syndegarne
eit lite småbarn — på freistingsveg —
var betre faren dei hadde hengt
ein stein om halsen, og ned han senkt
i nedste djup, i det store have,
fyr han ei fallgrav åt born fekk grave.

Usæl er verdi si freistingsevna!
Ho garni set for kvar mannefot
på fleire måtar enn ræ kan nemna.
Det gjeld å vaka og stå i mot.
Men dei som freistingi kjem i frå,
dei skal den strengaste domen få,
fordi på andre sitt liv dei trødde.
Det vore betre dei ei var fødde!

Om hand og fot vil til synd deg leida,
so hogg dei av deg og kast dei bort!
Du halt og vanfør kan betre greida
å ganga vegen mot Himlens port.
Og om ditt auga vil freista deg,
og føra inn på fortapingsveg:
det ut du rive og frå deg hive,
og gå so einøygd på veg til live!

Sjå ogso til at de ei foraktar
den allerminste av desse små!
Ein Himlens engel dei hev til vaktar,
og han kan Faderens åsyn sjå!»
Kvar helst me ferdast på denne jord,
so lat oss minnast vår Frelsars ord:
«Å bli som borni er stødt det første.
I Himmelriket er dei dei største!»